


Handlingsplan mot vald og trakassering i skulane



Trygg og framtidsetta
time.kommune.no



Time kommune

Innhald

Innleiing	s	3
Følgjande lovverk, litteratur, planar og dokument ligg til grunn for arbeidet	s	3
Omgrep	s	4
Årsaker til vald	s	4
Førebygging	s	5
Kompetanse	s	5
Beredskapsteam	s	5
Handlingstrapp 6-10 år og 10-16 år	s	5
Handlingstrapp 6-10 år	s	6
Tiltak knytt til handlingstrapp 6-10 år	s	6
Handlingstrapp 10-16 år	s	8
Tiltak knytt til handlingstrapp 10-16 år	s	9
Digitale medium	s	11
Registrering og dokumentering av hendingar	s	11
Media	s	11
Risikovurdering	s	11
Kva kan dei ulike instansane i Oppvekst bidra med i arbeidet mot vald i skulen	s	12
Vedlegg	s	13
<i>Bruk av pedagogisk analysemodell for å fremja eit godt læringsmiljø i Timeskulen</i>	s	13
<i>Tiltakskort – alvorlege hendingar vald og trugslar</i>	s	16
<i>Mal- beredskap</i>	s	17
<i>Protokoll ved bruk av tvang</i>	s	18
<i>Risikovurdering</i>	s	19
Litteraturliste	s	20

Innleiing:

Handlingsplanen mot vald og trakassering i skulen tek utgangspunkt i Time kommune sin «Overordnet rutine for vald og trusler» som omfattar trugslar og vald utøvd mot arbeidstakarar. Denne planen er lagra i kommunen sitt HMS-system. Planen omhandlar rutinar og føringar for korleis ein skal handtera saker som gjeld både tilsette og elevar.

I denne handlingsplanen følgjer me opp tiltak og prosedyrar i kommunen sin «Overordnet rutine for vald og trusler».

Det er viktig å arbeida for å førebygga valdshendingar i skulen, og det er nødvendig å ha ei systematisk tilnærming til dette. Skulane må i fellesskap utforma eigne vurderingar av kva som er aldersadekvat framferd i den sosiale konteksten på sin skule. Målsettinga er å:

- Ha ei felles forståing av ønska framferd på skulen
- Førebygga valdshandlingar
- Gje tryggleik for å melde frå om hendingar, at det blir iverksett tiltak, og hjelpa dei som blir utsette for vald/trugslar
- Hjelpa og ansvarleggjera den/dei som utøver vald eller trugslar
- Klargjera rutinar og setta i verk tiltak

Rektor har ansvar for å gjera innhaldet og tiltak i denne planen kjend for personalet.

Det er arbeidsgjevar sitt ansvar for å sørge for at arbeidstakarane så langt det er mogleg blir beskytta mot vald og trugslar. Skulane skal ha ein konkret tiltaksplan mot vald i skulen, og denne planen skal vera gjeldande for alle skulane i Time (jf. Arbeidsmiljølova §2-2). Planen må gjennomgåast på kvar eining i kvalitetsteamet med tillitsvalde og verneombod. Handlingsplanen vert lagra i kommunen sitt HMS-system.

Handlingsplanen inneheld konkrete tiltak knytt til:

- Førebygging
- Når situasjonar oppstår - handlingstrapp
- Handtering av situasjonen - tiltakskort (Vedlegg)
- Registrering av hendingar
- Beredskapsteam v/skulen
- Kva andre instansar i kommunen kan bidra med

Når det blir endringar i lovverk og forskrifter, vil handlingsplanen bli justert.

Følgjande lovverk, litteratur, planar og dokument ligg til grunn for arbeidet:

- Opplæringslova §9A – når elevar vert utsette for vald eller trakassering
- Arbeidsmiljølova kap. 4- Krav til arbeidsmiljøet
- Forskrift til AML om utføring av arbeid, Kap. 23A «Arbeid som kan medføre fare for å bli utsatt for vald og trussel om vald»
- Straffelova §§ 47 og 48 om nødverje og nødrett:

«Nødrett og nødverje gjer en viss rett for personalet på skulen å stoppa basketak og slåssing mellom elevar med fysisk makt og til å verje seg sjølv mot elevar som er trugande eller valdelege, jf. §§ 47 og 48 i straffelova. Det kan altså ut frå forholda vera lovleg å bruke makt for å hindre at elevane skadar seg sjølv eller andre, eller skader eigedommen til skulen eller eigedommen til andre».

- Forskrift om ordensreglement for elevar i skulane i Time
- «Overordnet rutine for håndtering av vold og trusler» i Time kommune
- «Tiltak mot vold og aggresjon i skolen» - bok av Ole Greger Lillevik og Lisa Øien.

Omgrep

Definisjonen som er utforma av arbeidstilsynet knytt til tilsette vert og lagt til grunn i denne planen.

Arbeidstilsynets definisjonar av vald og truslar:

”Vold og trusler er hendelser hvor arbeidstaker/ *elever* blir fysisk, psykisk eller verbalt angrepet i situasjoner som har forbindelse med deres arbeid/ *skolemiljø*, og som innebærer åpenlys eller antydnet trussel mot deres sikkerhet, helse og velvære. Trusler er verbale angrep eller handlinger som tar sikte på å skade eller skremme en person.

Vold er enhver handling som har til hensikt å føre til fysisk eller psykisk skade på en person. Det kan også defineres som vold når arbeidstakere/ *elever* opplever utagerende handlinger hvor det fører til skade på inventar og utsyr.”

Trugslar eller krenkingar som skjer på det digitale medium, og korleis ein skal handtere dette, er og ein del av planen.

Årsaker til vald

Avmakt kan vera ein grunnleggande årsak til vald. Me har alle eit ibuande behov for tryggleik og å ha kontroll over eige liv. Det gjer oss makt over eige liv. Når denne tilstanden vert truga, kan ein oppleve avmakt. Det kan resultera i frustrasjon, stress, sinne og aggresjon.

Det er viktig å hugse at dette og kan vera positive drivkrefter for å forsvara oss mot krenkingar og å ta handling i sårbare situasjonar.

Elevar med åtferdsvanskar eller antisosial åtferd kan ha problem med å kontrollera eigen impulsivitet.

Avmakt og aggresjon hos barn og unge kan ha mange ulike årsaker:

- Normale utviklingskriser
- Reduserte evner til å forstå eller å gjera seg forstått
- Akutte kriser
- Omsorgssvikt
- Sosial situasjon (skule/fritid)
- Fysiske eller psykiske plager

Førebygging:

Skulane i Time arbeider systematisk med eit godt psykososialt og inkluderande læringsmiljø. Ulike program som Olweus, Zippys venner, og satsingar som «Inkluderande barnehage og skulemiljø» og «Laget rundt læraren og eleven» prosjektet er alle viktige element i dette arbeidet.

Grunnprinsipp i førebygging:

Bygg relasjon: Skapa forutsigbare strukturar, inkluderande skule som fremmar utvikling av sosial kompetanse og evne til konfliktløysing blant både lærarar og elevar

Vurder situasjonen: Ver merksam på særlege risikoforhold som avmakt og frustrasjon hos elevar, elevar med tidlegare valdsåtferd og direkte og indirekte trugselsituasjonar

Handter aggresjon: Møt elevens aggresjon med aggresjonsdempande kommunikasjon

(Meir informasjon finn du i boka «Tiltak mot vold og aggresjon i skolen» - bok av Ole Greger Lillevik og Lisa Øien.)

Kompetanse:

Skulen må sikra at alle tilsette får opplæring i og kunnskap om korleis ein kan førebygga og handtera vald og trugslar.

Beredskapsteam:

Alle skular skal ha beredskapsteam. Rektor har ansvar for å setja saman teamet. Det skal leiast av rektor. Aktuelle deltakarar er leiargruppa, verneombod, tillitsvald, sosiallærer og aktuelle lærarar/ andre tilsette.

Handlingstrapp 6-10 år og 10-16 år

I kvar situasjon som oppstår, må det vurderast kor alvorleg hendinga er. Hending og tiltak må sjåast i samanheng med barnets alder, og kva for konsekvens som vil vera hensiktsmessig. Er ein usikker skal ein alltid ta opp saka med leiar.


Elevar mellom 6-10 år vil ha mindre impuls kontroll enn eldre elevar. Tiltak må derfor sjåast i samanheng med dette.

Handlingstrapp 6-10 år

Det er viktig med tett og godt samarbeid med heimen. Ein må vurdere på nivå 1 om det skal tas kontakt, og det skal alltid tas kontakt på nivå 2 og 3. Tett og godt samarbeid med heimen er viktig i arbeidet for både førebygging og handtering av vald.

Vurdering av alvorsgrad av hendingar skal gjerast i samarbeid mellom tilsett og næraste leiar.

Eleven må i alle ledd få informasjon om kva som vil skje vidare.



Tiltak knytt til handlingstrapp 6-10 år:

Nivå 1 – Uakseptabel oppførsel		
Kven	Oppfølging	Tiltak
Elev/gruppe av elevar		Samtale med elev, og tilsett(e) set inn tiltak med ein gong Tiltaket har effekt
	Føresette	Eventuell samtale med føresette
	Observatørar (andre elevar i miljøet)	Tilsette har ved behov samtale med andre involverte (elev/elevar/klasse)
	Tilsette	Ta opp hending(ar) / utfordringar i team. Ved behov bruka pedagogisk analyse saman med kollegaer
Nivå 2 – Alvorleg åtfærd		
Kven	Oppfølging	Tiltak
Elev/gruppe av elevar		Samtale med elev og involverte elevar for å kartlegga situasjonen
	Observatørar (andre elevar i miljøet)	Samtale med elevar i miljøet som var/ er tilstades i hendinga(r)

	Føresette	Kontaktlærer kallar inn føresette og elev inn til møte for orientering og uttale om hendinga(r) og konsekvensar/tiltak
	Tilsette	Tilsette informerer leiinga Tilsette gjennomfører saman på trinnet ein pedagogisk analyse av miljøet som skal følgjast opp med tiltak (Sjå vedlegg 1 «pedagogisk analysemodell») Ut frå resultatata av analysen tek ein i bruk verktøyet BTI og vurderer alvorsgrad og kva nivå ein skal handla ut frå Leiinga skal verta orientert om utviklinga i saka
Leiinga		Hjelp og støtte av leiinga til involverte tilsette. Ved utagering/verbale trugslar kan debrifing vera til hjelp. Leiinga vurderer og om: <ul style="list-style-type: none"> - dei må kartlegga situasjonen/risikovurdering - dei må leggja plan og tiltak for å beskytta arbeidstakarar/medelevar - det er risiko ved aleinearbeid - dei må gje tilsette meir opplæring og kompetanseheving - om arbeidsplassen må utformas /innredas annleis - om skulen har gode nok rutinar for å førebygga, melde, handtera og følgja opp saker
Nivå 3 Særs alvorleg åtferd		
Kven	Oppfølging	Tiltak
Elev/gruppe av elevar		Samtale med involverte elevar for å kartlegga situasjon(ar) Elevar kan av rektor med grunngjeving i kommunens ordensreglement utvisast i 3 timar (NB: må sjåast i samanheng med barnet sin alder) Elev/føresette har alltid rett på å uttale seg.
	Observatørar (andre elevar i miljøet)	Samtale med elevar i miljøet som har vore til stade ved hendinga(r) Elevar kan få tilbod om å snakka med andre t.d. helsesjukepleiar, sosiallærar
	Føresette	Føresette blir kalla inn til møte for orientering og uttale om hendinga og konsekvensar/tiltak
	Tilsette	Situasjonen er så alvorleg at tilsett/ leiinga følgjer instruksjon i tiltakskort (Sjå vedlegg 2 «Tiltakskort alvorlege hendingar») Saka skal meldast til PPT Saka skal meldast til barnevernet
Leiinga		Hjelp og støtte av leiinga til involvert lærar, debrifing i situasjonar som er særs krevjande


		<p>Beredskapsteam ved skulen skal inn i saka for å analysere og laga plan for vidare oppfølging av ulike partar i saka (Sjå vedlegg 3: Mal beredskap)</p> <p>Saman med lærarane på trinnet gjennomføra pedagogisk analyse av situasjon og sak</p> <p>Vurdera om tiltak på nivå 2 er gjennomførte</p>
--	--	--

Handlingstrapp 10-16 år

Etter kvart som elevane blir eldre, vil valdelege handlingar bli av meir alvorleg art, både når det gjeld konsekvensar av åtferd og av tiltak som blir iverksett. Det er viktig med tett og godt samarbeid med heimen. Ein må vurdera på nivå 1 om det skal tas kontakt, og det skal alltid tas kontakt på nivå 2 og 3. Tett og godt samarbeid med heimen er viktig i arbeidet for både førebygging og handtering av vald.

Vurdering av alvorsgrad av hendingar skal gjerast i samarbeid mellom tilsett og næraste leiar.

Eleven må i alle ledd få informasjon om kva som vil skje vidare.



*Alle forhold knytt til vald og hærverk skal meldast til politiet. Dette gjeld frå 7.-10. klasse.

Tiltak knytt til handlingstrapp 10-16 år

Nivå 1 – Uakseptabel oppførsel		
Kven	Oppfølging	Tiltak
Elev/gruppe av elevar		Tilsette set inn tiltak med ein gong i situasjonen, og tiltaket har effekt Situasjonen løyser seg
	Føresette	Eventuell samtale med føresette
	Observatørar (andre elevar i miljøet)	Eventuelt samtale med elevar/klasse
	Tilsette	Ved behov ta opp hending(ar)/ utfordringar i kollegeteamet. Ved behov bruka pedagogisk analyse saman med kollegaer
Nivå 2 – Alvorleg åtfærd		
Kven	Oppfølging	Tiltak
Elev/gruppe av elevar		Samtale med elev og involverte elevar for å kartlegga situasjonen Eleven kan av rektor utvisast 3 timar eller resten av dagen på barnetrinnet. Eleven kan av rektor utvisast resten av dagen (ungdomstrinn) i tråd med ordensreglementet i Time Elev/føresett har alltid rett til å uttale seg
	Observatørar (andre elevar i miljøet)	Samtale med elevar i miljøet som har vore til stade ved hendinga Elevar kan få tilbod om å snakka med andre t.d. helsesjukepleiar, sosiallærar
	Føresette	Føresette og elev blir kalla inn til møte for orientering og uttale om hendinga og konsekvensar/tiltak
	Tilsette	Situasjonen er så alvorleg at tilsette informerer leiinga om hendinga Tilsette gjennomfører saman på trinnet ein pedagogisk analyse av miljøet som skal følgjast opp med tiltak. (Sjå vedlegg 1 «pedagogisk analysemodell») Ut frå resultatata av analysen tek ein i bruk verktøyet BTI og vurderer alvorsgrad og kva nivå ein skal handla ut frå Leiinga skal verta orienterte om utviklinga i saka

	Leiinga	Debrifing, hjelp og støtte av leiinga til involvert lærar Leiinga vurderer om: <ul style="list-style-type: none"> - dei må kartlegga situasjonen/risikovurdering - dei må leggja plan og tiltak for å beskytta arbeidstakarar/medelevar - det er risiko ved aleinearbeid - dei må gje tilsette meir opplæring og kompetanseheving - om arbeidsplassen må utformas /innredas annleis - om skulen har gode nok rutinar for å førebygga, melde, handtera og følga opp saker
Nivå 3 Særs alvorleg åtferd		
Kven	Oppfølging	Tiltak
Elev/gruppe av elevar		Samtale med involverte elevar for å kartlegga situasjonen Elevar kan av rektor utvisast resten av dagen på barnetrinnet og inntil 3 dagar på ungdomstrinnet (jf. kommunalt ordensreglement) Elev/føresette har alltid rett til å uttale seg
	Observatørar (andre elevar i miljøet)	Samtale med elevar i miljøet som har vore til stade ved hendinga Elevar kan få tilbod om å snakka med andre t.d. helsesjukepleiar, sosiallærar
	Føresette	Føresette blir kalla inn til møte for orientering og uttale om hendinga og konsekvensar/tiltak
	Tilsette	Situasjonen er så alvorleg at tilsett/leiinga følgjer instruksjon i tiltakskort (Sjå vedlegg 2 «Tiltakskort alvorlege hendingar») Saka skal meldast politiet (frå 7. klasse) Saka skal meldast til barnevernet Saka skal medast til PPT
	Leiinga	Debrifing, hjelp og støtte av leiinga til involvert lærar Beredskapsteam ved skulen skal inn i saka for å analysa og laga plan for vidare oppfølging av ulike partar i saka. (Bruk vedlegg 3: Mal beredskap)

		<p>Saman med lærarane på trinnet gjennomføra pedagogisk analyse av situasjon og sak</p> <p>Sikra systematisk oppfølging og møte i etterkant, og passa på at aktuelle samarbeidspartnarar vert inviterte</p>
--	--	---

Digitale medium

Alle saker som gjeld digitale medium der ein oppdagar krenkingar eller trugslar av elevar eller tilsette, skal meldast til politiet. Dette gjeld for aldersgruppa 7.-10. trinn. For yngre elevar skal ein kalla inn elevar og føresette til samtale for orientering og uttale om hendingar og konsekvensar/tiltak.

Registrering og dokumentering av hendingar:

- Alle hendingar som omhandlar vald/trugslar mot tilsette skal registrerast i HMS –systemet
- Alle hendingar som omhandlar vald/trugslar mellom elev-elev skal registrerast i elevmappene til dei involverte partar. Alle hendingar som omhandlar vald/trugslar frå tilsett mot elev skal rapporterast til fagstab skule.
- For elevar som blir utsette for vald skal det utarbeidast aktivitetsplan (§9A)
- Alvorlege hendingar skal meldast til barnevernet i Time
- Saker som gjeld elevar frå 7.-10. klasse som gjeld vald eller hærverk skal meldast til politiet
- I situasjonar der ein har brukt tvang og halde elevar, skal det utfyllast tvangsprotokoll. (Sjå vedlegg 4: «Tvangsprotokoll»)

Media

Dersom media eller andre utanforståande tek kontakt om valdsepisodar eller andre alvorlege hendingar, er det berre rektor eller rektor sin stedfortredar som skal uttala seg på skulen sine vegne.

Risikovurdering:

Kvar skule må gjennomføra ein risikovurdering der ein ser på kva situasjonar elevar/tilsette kan bli utsett for vald og trugslar. Ein må vurdere kor sannsynleg det er at vald og trugselsituasjonar oppstår, og kva konsekvensar det kan få. Tre enkle spørsmål i risikovurderinga er:

- Kva kan gå galt
- Kva kan vi gjera for å hindra dette
- Kva kan vi gjera for å redusera konsekvensen om det skjer

(Sjå vedlegg 5: «Risikovurdering»)

Kva kan dei ulike instansane i Oppvekst bidra med i arbeidet mot vald i skulen

Kommunepsykolog:

- Leiinga kan drøfta saka anonymt, eller opent (med samtykke) for råd og rettleiing i sak
- Ta kontakt med psykolog pr. telefon

PPT:

- Gje råd til skulen på individnivå og systemnivå
- Tilvising til PPT i forhold til åtferd/sosio-emosjonelle vanskar
- Støtte skulen iht å utvikla gode psykososiale læringsmiljø i klassane(førebygging)
- Delta på samarbeidsmøter med skule, heim og evt. andre instansar

Helsetenesta:

- Støtta samarbeid mellom elev, skule og føresette
- Delta i samarbeidsmøter
- Tilby samtalar med elev/føresette
- Hjelpa å trekkja inn andre instansar om nødvendig
- Familiesenteret

Barnevernet

- Støtta samarbeidet mellom elev, skule og føresette
- Skulen og barnevern kan vera i dialog kring saker ein er uroa for
- Undersøkje om faktorar i heimen skapar utfordrande og valdeleg åtferd hos barnet
- Familiesamtalar
- Rettleiing og støtte til føresette i vanskelege situasjonar
- Vurdera situasjonen til barnet etter Lov om barnevernsteneste

Politiet

- Viktig samarbeidspartnarar både i førebygging og i melde saker.
- Samtale med skule
- Samtale med heim og elev


Bruk av pedagogisk analysemodell for å fremja eit godt læringsmiljø i Timeskulen

Den pedagogiske analysemodellen er utvikla for å analysera pedagogiske utfordringar i skulen og undervisninga, og gjennom analysen koma fram til nye pedagogiske tiltak og strategiar. Modellen byggjer på forskning og teori frå feltet, og er vidare utvikla på bakgrunn av kunnskap om samanhengar mellom omgjevnadane i skulen og elevane sine handlingar i form av åtferd og læring. Modellen og dei ulike fasane knytt til hovuddelane- analyse og strategi og tiltaksdel må jobbast med systematisk og over tid. Ein føresetnad er at skulen har jobba med teorien som ligg til grunn for modellen. Denne finn ein i serieheftet «Dette vet vi om», Pedagogisk analyse av Thomas Nordahl.

Hovudmålsetjinga med bruken av den pedagogiske analysemodellen i Timeskulen er å førebyggja og etablere gode læringsmiljø i skulane, der det skal eksistera hensiktsmessige rammevilkår for både skulefagleg og sosial læring hjå alle elevane våre. Analysen er eit verktøy som sikrar involvering av tilsette som igjen vil føra til eigarskap ovanfor strategiar og tiltak.

Modell for analyse av pedagogiske utfordringar

Figuren syner at det er to hovuddelar i modellen med eit tydeleg skilje mellom analysedelen og strategi- og tiltaksdelen. Før ein vurderer tiltak skal ein ha gått gjennom stega i del 1. I arbeidet med å identifisera kva faktorar i situasjonen som løyser ut eller opprettheld eleven eller klassen/gruppa sine utfordringar er det nyttig å bruka verktøyet samanhengssirkelen som vist i figur 2.



Figur 1

Samanhengssirkelen

I senter av samanhengssirkelen skriv ein inn kva problem eller utfordring som er identifisert. Deretter skriv ein inn kva faktorar som kan vera oppretthaldande i høve til uønska åtferd eller manglande arbeidsinnsats. På denne måten får ein fokus bort frå individperspektivet, og ei meir konstruktiv tilnærming til omkringliggjande forhold som t.d. klassemiljøet, tilrettelegging av undervisninga, relasjonar mellom elevar, relasjonar til lærar, manglande samarbeid med heimen m.m. I denne fasen er det viktig å finna fram til ressursar og sterke sider ved enkeltindividet og i det sosiale systemet som åtferda utspelar seg. Dette er forhold som vidare strategiar og tiltak kan byggja på.



Figur 2

Strategi og tiltaksdel

Strategiar omhandlar framgangsmåtar som kan nyttast i opplæringa, mens tiltak refererer til meir spesifikke metodar og aktivitetar. Etter gjennomført analyse skal det utviklast strategiar og tiltak som skal redusera betydinga av eller fjerna dei faktorane som opprettheld åtferdsproblem, læringsproblematikk eller utfordringane i læringsmiljøet. Det er viktig å bruka god tid i dette arbeidet og at drøftingane ikkje vert låst til tradisjonelle individuelle tilnærmingar. Ein bør i størst mogleg grad drøfta tiltak og strategiar som kan endra omgjevnadane (kontekstuelle forhold). Val av strategiar og tiltak skal så langt det er mogleg vera basert på forskingsbasert kunnskap. Gjennomføring inneber at alle vaksne må setja i verk strategiar og tiltak som ein har blitt samde om. Det forpliktar at det vert gjennomført på ein strukturert og nøyaktig måte innanfor tidsperioden ein har avtalt.

Oppretthaldande faktorar/forklaringsar	Strategiar og tiltak	Forsking/ grunnlag/evidens
Faktor 1		
Faktor 2		
Faktor 3		

Figur 3

Evaluering

Etter ein tidsperiode på 2 til 4 veker etter at gjennomføringa har starta bør det gjennomførast ei evaluering av arbeidet så langt. I dette må alle lærarane og andre som jobbar med elevgruppa delta. Som del av evalueringa er det nyttig å gå gjennom og svara på dei ulike punkta i figur 4.

Evalueringspunkt	Er alle tiltak gjennomførte? Status dato?	Er dei gjennomført kontinuerleg og på ein systematisk måte?	Kva har fungert bra?	Kva faktorar har vore til hinder for gjennomføring	Kva justeringar / endringar må gjennomførast nå?
Tiltak 1					
Tiltak 2					
Tiltak 3					

Figur 4

Revidering

Dersom det ikkje skjer ei positiv utvikling i løpet av 2-4 veker kan det vera nødvendig å revidera/justera formuleringa av problemet og målsettingane, innhenta meir informasjon, gjennomføra ein analyse- og refleksjonsfase, og justera val av strategiar og/eller gjennomføringa av strategiane. Det er viktig å oppretthalda og forsterka det som har gått bra for å etablere ny praksis og for å oppnå varig endring.

Tiltakskort – Alvorlege hendingar vald og trugslar

Med en **Særs alvorleg åtfærd** forstår vi enten:

1. Alvorlege trugslar (mot medelevar eller vaksne)
2. Valdsepisodar (mot medelevar eller vaksne) Ingen situasjonar vil være like og det er derfor viktig at alle hendingar blir vurdert spesielt.

AKUTT	
1	<p>Tiltakskort på akutt nivå gjeld i utgangspunktet for elever 7.-10 klasse.</p> <p>Sikra skadestaden</p> <p>Valdsepisodar skal ein melda direkte til Politiet Varsle POLITIET på 112</p> <p>Kontakt lege v/behov</p> <p>Gi opplysningar om:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kven melder, namn på skule, adresse, telefonnummer • Kva har skjedd? • Kva skjer akkurat nå/beskriv situasjonen. Andre opplysningar politiet ber om.
2	<p>Vurder følgjande tiltak / handlingar:</p> <ol style="list-style-type: none"> a) Få tak i ein annan vaksen om mogleg b) Informer leiinga c) Fjern andre elevar frå situasjonen d) Ta kontakt med heimane
HASTAR	
3	<p>Skjerma den/dei som er</p> <ul style="list-style-type: none"> • valdsutsette • Valdsutøvar(ar)
4	<ul style="list-style-type: none"> • Opprett beredskapsteam • Det skal tas kontakt med heimane og det skal avtalast møte
5	Beredskapsteamet varslar skulesjef
KAN VENDE	
6	Ver førebudd på handtering av media (NB – leiinga skal handtere media)
7	Vær førebudd på at andre føresette tek kontakt for informasjon
8	Vurder behov for psykososial oppfølging av elevar, tilsette
9	Evaluering
10	Rapportera hendinga i QM+ og elevmappa

Mal beredskap

Situasjon	Status hending		Kontakt/varsla	Anna info
Potensial	Liv og helse	Juridisk erstatning	Skjermingsverdig info	Omdømme
		Eigedom/materiell/miljø	Driftskontinuitet	
		Økonomiske verdiar	Fylke/kommune/andre BVGS-	
Plan	Umiddelbare tiltak	Korleis griper vi dette an?	Viktigaste tiltak	Samordning og info

Vedlegg 4

Protokoll ved bruk av tvang

I situasjonar der ein må bruke nødretten, er det krav om dokumentasjon av hendinga og vurderinga tilknytt denne. Dokumentasjonen skal sendast heim og leggjast i elevmappa.

Straffelova §§ 47 og 48 om nødverje og nødrett:

«Nødrett og nødverje gjer en viss rett for personalet på skulen å stoppa basketak og slåssing mellom elevar med fysisk makt og til å verje seg sjølv mot elevar som er trugande eller valdelege, jf. §§ 47 og 48 i straffelova. Det kan altså ut frå forholda vera lovleg å bruke makt for å hindre at elevane skadar seg sjølv eller andre, eller skader eigedommen til skulen eller eigedommen til andre».

Dato for hendinga	
Skriv kor episoden skjedde	
Skriv kva som skjedde (utan å tolka)	
Skriv konkret kva tilsett gjorde for å handtera situasjonen	
Skriv kvifor tilsett vurderte å handtere situasjonen slik	
Eleven si forklaring	
Underskrift og dato tilsett	
Underskrift og dato rektor	

Vedlegg 5

Risikovurdering:

Skule:					
Elev-elev					
Spørsmål	Undervising	Friminutt	Tur/ekskursjonar	Relasjonar	Anna(beskriv)
Kva kan gå galt					
Kva kan vi gjera for å hindra dette					
Kva kan vi gjera for å redusera konsekvensen om det skjer					

Skule:					
Elev-tilsett					
Spørsmål	Undervising	Friminutt	Tur/ekskursjonar	Relasjonar	Anna(beskriv)
Kva kan gå galt					
Kva kan vi gjera for å hindra dette					
Kva kan vi gjera for å redusera konsekvensen om det skjer					

Litteraturliste

Opplæringslova

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61>

Arbeidsmiljølova

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-62>

Forskrift til AML

<https://www.arbeidstilsynet.no/regelverk/forskrifter/forskrift-om-utforelse-av-arbeid/4/23a/>

Straffelova

https://lovdata.no/artikkel/ny_straffelov_reglene_om_nodverge_og_selvtekt/1562

Forskrift til ordensrelgementet i Time kommune

«Overordnet rutine for håndtering av vold og trusler» i Time kommune

«Tiltak mot vold og aggresjon i skolen» - Ole Greger Lillevik og Lisa Øien, Pedlex 2012 1.opplag

«Pedagogisk analyse»- Thomas Nordahl, Gyldendal 2012



Trygg og framtidsretta
time.kommune.no



Time kommune